

Ny 1000-kronesetel



Noregs nye setelserie

Setlane blir utgitt i tidsrommet 2017-2019



Den nye setelserien har motiv som viser kor viktig havet har vore for nærings- og velferdsutviklinga i Noreg. Fullstendig informasjon om design og motivval finn du på nyesedler.no

Den nye setelserien er komplett



Med utgivinga av den nye 1000-kronesetelen 14. november 2019 er den nye norske setelserien komplett. Fem nye setlar er sette i sirkulasjon, og gamle setlar for fleire titals milliardar kroner er samla inn og makulerte.

Hovudmotivet på den nye 1000-kronesetelen er ei bølge på ope hav. Bølgja viser at havet er ei motkraft som vi bryner oss på, og ei drivkraft som fører oss framover. Samtidig gir bølgja assosiasjonar til urørt natur og understrekar kor viktig det er at vi menneske tek godt vare på havet og alt som lever der.

Ein havnasjon som Noreg må halde fram med å satse sterkt på maritim og marin forskning for å sikre ei berekraftig utvikling i framtida òg.

Havet er gjennomgangstemaet for alle dei fem valørane i den nye setelserien. Vi som bur i Noreg, vil alltid vere nært knytte til havet. Vi bruker havet til transport, rekreasjon, matproduksjon og energiproduksjon og som kjelde til innovasjon og tankeflukt. Havet gir oss utfordringar, gode opplevingar og ein horisont å rette blikket mot – både mot det uendelege og mot det ukjende.

I tillegg til å vere vakre inneheld dei nye norske setlane tryggleikselement for publikum, butikktilsette og maskinell behandling. Som sentralbanksjef er eg svært stolt av at den nye setelserien no er komplett, og av at vi har fått sikre og funksjonelle setlar som vil fungere godt i mange år framover.

Øystein Olsen
sentralbanksjef

Ny 1000-kronesetel

Havet som fører oss vidare

I meir enn tusen år har havet vore grunnlaget vårt for rikdom, kontakt med resten av verda og framtidsoptimisme. Nye næringar og ny teknologi har gitt kysten og verksemda på havet stadig nytt innhald. Noreg er eit lite land, men vi er ein stor kyst- og havnasjon. Geografien og dei rike naturressursane kombinert med initiativ, kunnskap og hardt arbeid har gjort oss velstående.

Samtidig gir klimaendringar og tap av biologisk mangfald utfordringar som må løysast. Vidare satsing på maritim og marin forskning i åra som kjem, vil vere viktig for å sikre ei framleis berekraftig utvikling. Med ny kunnskap og nye løysingar vil havet også i framtida vere ei kraft som fører oss vidare.

Vi har alltid vore, og vil i framtida alltid vere, nært knytte til havet. Vi bruker havet til transport og kontakt, det gir oss mat og næringsstoff, og vi nyttar det til energiproduksjon og rekreasjon og som kjelde til innovasjon. Havet gir oss utfordringar, gode opplevingar og ein horisont å rette blikket mot – mot det uendelige og ukjende.

Illustrasjonen av ei bølge på framsida symboliserer havet som fører oss vidare.

Ein lundefugl er lagd inn som eit motivelement øvst til høgre.



På baksida kan du skimte ope hav i horisonten. Bølgjene tårnar seg i det organiske mønsteret. Mønsteret tek utgangspunkt i Beauforts vindskala. Rektangla er lange; det blæs liten storm. Du kan òg sjå to framstillingar av eit vassmolekyl, i flytande og fast form (is).



Slik sjekkar du at setelen er ekte




Illustrasjonen viser den nye 1000-kronesetelen. Plasseringa av tryggleikselementa som er mynta på publikum, er dei same på alle valørar, bortsett frå på 50-kronesetelen, som manglar ankerkjettingen.

Sjå

1. Vassmerke

Vassmerket i papiret blir synleg når du held setelen opp mot lyset. Vassmerket viser hovudet på ein lundefugl og valørtalet. Lundefugl-motivet blir nytta på alle valørar.



2. Tryggleikstråd

Når du held setelen opp mot lyset, ser du tryggleikstråden som ein gjennomgåande, mørk strek som er integrert i papiret. Teksten «NB» og valørtalet er lagde inn i tråden med lita skrift.



Vend


3. Flytande ring

Nede til venstre på setelen ser du eit rektangel med ein ring. Når du beveger setelen i ulike retningar, ser det ut som ringen flyt, og du kan sjå eit fargespel.



4. Ankerkjetting

Til høgre på 1000-kronesetelen ser du ein ankerkjetting som er integrert i papiret. Når du vippar på setelen, ser det ut som kjettingen beveger seg.



Kjenn

Papirkvalitet

Sedlene er trykkt på bomullspapir, som kjennes annerledes enn vanlig papir. Papiret har et smussavvisende belegg som gir en glatt overflate.

Følbart trykk

Hovudmotivet og fleire detaljar på framsida er trykte med kopartrykk, som er følbart.


Langs kortendane er det trykt strekar som blinde og svaksynte kan bruke til å skilje valørane frå kvarandre.

Tidsplan for utgivinga

Dei nye 100- og 200-kronesetlane kom i sirkulasjon 30. mai 2017, og dei nye 50- og 500-kronesetlane kom i sirkulasjon 18. oktober 2018. 14. november 2019 lanserer vi 1000-kronesetelen.



Kva gjer eg med dei gamle setlane?




Etter at den nye 1000-krone-setelen er sett i sirkulasjon, kan den gamle setelen framleis brukast som betalingsmiddel i eitt år, det vil seie til og med **14. november 2020**.

Noregs Bank oppfordrar deg til å bruke gamle setlar eller setje dei inn på bankkonto før denne datoen. Gamle 1000-kronesetlar kan ikkje vekslast ved depota til Noregs Bank i denne eittårsperioden.

Etter 14. november 2020 pliktar Noregs Bank å veksle inn dei gamle setlane i minst ti år.

På norges-bank.no finn du meir informasjon om retningslinjer for veksling av ugyldige setlar og myntar.

Mobilapp viser tryggleikselement



Mobilappen «Nye sedler» viser dei sentrale tryggleikselementa som hjelper deg med å skilje ein ekte setel frå ein falsk.

Ved å vippe og vende på mobilen kan du mellom anna sjå korleis ankerkjettingen beveger seg.

Du kan òg sjå vassmerket, tryggleikstråden og ringen som flyt.

Mobilappen lastar du gratis ned i App Store eller Google Play.



Du finn meir informasjon om dei nye pengesetlane, tryggleikselementa og setelbyttet på nyesedler.no

Vi har òg ei eiga side på Facebook der du kan halde deg oppdatert:

 facebook.com/nyseddelserie





Noregs Bank
Bankplassen 2
Postboks 1179 Sentrum
0107 Oslo
www.norges-bank.no
nyesedler.no
facebook.com/nyseddelserie